

## Grindheim sokneråd har frå 01.01.2024 - 31.12.2024 sett slik ut:

Trond Rydlende	Leiar i soknerådet og medlem i Lyngdal kyrkjelege fellesråd.
Anne Marie Vasland	Nestleiar i soknerådet og medlem i gudstenesteutvalet.
Eva Tove Badendyck Fuglestveit	Medlem i temakveldutvalet.
Arnhild Hornung Urevatn	Medlem i Lyngdal kyrkjelege fellesråd, kontaktperson for diakoniarbeidet.
Terje Høyland	1.vara i Lyngdal kyrkjelege fellesråd, medlem gudstenesteutvalet.
Svein Arild Solheim	Medlem i temakveldutvalet, kontaktperson for Byremo gospelkor.
Tore Smeplass	Sokneprest
Eli Smedsland	1.varamedlem i soknerådet, medlem i trusopplæringsutvalet og gudstenesteutvalet.
Anne Reidun Pytten	2. varamedlem i soknerådet
Aslaug Verdal	3. varamedlem i soknerådet
Ove Haaland	4. varamedlem i soknerådet

I januar vart Liv Vasland tilsett som kyrkjetenar (15%) i Grindheim kyrkje. Trusopplærar Sindre Sandvand Aase (20-30%), diakon Siri Syrstad (20%) og organist Kaldo Kiis (10%) er tilsette i Lyngdal fellesråd med teneste i både Grindheim - og Konsmo sokn. Ingunn Birkeland er sekretær, kasserar og bokførar for Grindheim sokneråd. Reidun Bakken har revidert rekneskapen også dette året.

Soknerådet har i 2024 hatt 5 møte og handsama 23 saker. To av møta blei halde i «Nystova» på Byremo omsorgssenter. Dei tre andre møta var i sakrestiet i Grindheim kyrkje.

Årsmøtet for Grindheim kyrkjelyd 2023 vart halde etter gudstenesta søndag 17.mars 2024.

Dette året har vi til saman hatt 22 gudstenester. Det var mellom anna 13 gudstenester med nattverd, 11 var i kyrkja, og 2 var på Byremo omsorgssenter. Det var 2 gudstenester med dåp, og 4 gudstenester særleg tilrettelagde for born og unge. Det var kyrkjekaffi etter 8 gudstenester. Grindheim bygdekvinnelag stilte med kyrkjekaffi to gonger og Helselaget ein gong. Det har vore eige tilbod for born i sakrestiet/ «sundagsskule» under fire gudstenester.



«Sundagsskule» i sakrestiet  
19. mai 2024.  
Foto: Eli Smedsland.

Byremo Gospelkor drivast av Musikkverkstedet i samarbeid med Grindheim kyrkjelyd. Koret har i 2024 hatt 25-30 songarar frå mellom anna Grindheim, Åseral, Bjelland, Hægebostad og Mandal. Tradisjonen tru heldt dei to konsertar i Grindheim kyrkje før jol. Båe konsertane var utselde før kalenderen synte desember. Soknerådet bidreg også økonomisk til drifta av koret.

Gudstenesteutvalet har vore samansett av Anne Marie Vasland, Eli Smedsland, Terje Høyland og sokneprest Tore Smeplass. Dei har utarbeida framlegg til musikalske bidrag i gudstenestene og drøfta innhaldet og utforminga av familiegudstenester. Utvalet har hatt to møte dette året.

Temakveldutvalet har vore samansett av Eva Tove Badendyck Fuglestveit, Svein Arild Solheim og sokneprest Tore Smeplass. Utvalet har hatt to møte dette året. 14. mai heldt Sigrid Finsland Smeplass temakveld om temaet «Tilknytning – en grunnmur for (barns) utvikling.» 17.september var ordføraren i Lyngdal, Unni Nilsen Husøy, og politikaren Rune Foss Sjøstad inviterte til Grindheim kyrkje for å snakka om temaet «Er kristendom og politikk foreinleg?». 19.november heldt Ann- Margreth Haaland temakveld same staden om tema «Kristendom, - er det sunt?».

Redaksjonen i Menighetsbladet er samansett av Nina Lindland Tveit og Ragnhild Huseby Solås frå Grindheim og Liv Birkeland og Bjørg Hamran frå Kongsmo. I tillegg er John Øydna koordinator for bladet, og Hans Martin Sveindal har ansvar for det grafiske oppsettet. Bladet kom ut med tre nummer dette året.

Trusopplæringsutvalet er felles for Grindheim og Kongsmo. Utvalet er samansett av Richard Håland frå Kongsmo, Eli Smedsland frå Grindheim, sekretær Ingunn Birkeland og trusopplærar Sindre Sandvand Aase. Utvalet har hatt to møte dette året. Alt trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden tek utgangspunkt i «Lokal plan for trusopplæring i Grindheim kyrkjelyd». Trusopplærar Sindre har ansvar for å invitera til og gjennomføra trusopplæringstiltak i samarbeid med soknepresten, staben og frivillige. Tiltaka er årskullbestemte og varierer frå å vera gåver og bøker til invitasjonar til gudstenester eller andre typar samkomer i kyrkjene, ja til og med overnatting. I tillegg bidreg trusopplæraren i lag med presten i kyrkje- skulesamarbeidet og i kyrkje- barnehagesamarbeidet. Det er utarbeida ein plan for skule- kyrkjesamarbeidet i Lyngdal kommune.



*Tårnagentar i Grindheim kyrkje 10. februar 2024.  
Foto: Ragnhild Huseby Solås.*

Følgjande tal er rapporterte frå arbeidet mellom born og unge dette året:

- 12 born har fått helsing frå kyrkjelyden i samband med 1-, 2- eller 3 års dåpsdag (2021-2022-2023-kullet).
- 8 born frå 2020-kullet fekk boka « Linda og den vesle kyrkja» i ein gudsteneste (eller levert i postkassa i etterkant).
- 5 born frå 2019- kullet blei inviterte til «Bli kjent»-samling i kyrkja før sommaren.
- 7 born frå 2018-kullet fekk Barnebibelen i ei gudsteneste (eller levert i postkassa i etterkant).
- 7 born deltok på Tårnagentsamling for 8 åringane.

«Lys vaken» vart avlyst. Det var for få påmeldingar til å gjennomføra arrangementet. Kullet vil bli invitert på nytt til neste år.

38 born med føresette frå Grindheim og bygdene rundt deltok på kyrkjeteater i Konsmo kyrkje i oktober.

6.klasse ved Byremo barneskule har vore på temasamling om sorg, død og gravferd med trusopplæraren og presten i Grindheim kyrkje.

5.klasse hadde besøk to gonger på skulen av trusopplæraren med undervisningsopplegget « Bibelsporet» våren 2024.

Byremo barneskule og Byremo ungdomsskule hadde skulegudstenester før jol.

Ei avdeling ved Byremo bornehage deltok på jolevandring i kyrkja.

Vi har invitert til «Ope bornehage» på planleggingsdagar to gonger i år. I april var samlinga lagt til gymsalen på Byremo. I oktober var samlinga i Fleirbrukshallen på Konsmo. Begge gongene var det godt oppmøte og god stemning!

Sokneprest Tore har hovudansvaret for undervisninga av konfirmantane. Trusopplærar Sindre har delteke på utflukter og turar saman med 2024-kullet. I september drog dei til Evje på Kick-off, og i februar fylte dei minibussen for å dra til Kristiansand for å besøka Blå kors og Kirkens SOS. Turen blei avslutta med gokart og Mc Donalds på Sørlandssenteret. Det har vore ulike undervisningsøker om grunnleggjande tema innanfor kristen tru, to ulike temasamlingar: « Sorg og død» og «Utsatt mann». Skituren til Lakkenstova blei avlyst på grunn av dårleg ver. Alle konfirmantane deltok på Hekta sin konfirmantleir på Dvergsnestangen i juni.

For 2025-kullet har det blitt holdt informasjonsmøte på våren, kick-off og foreldremøte i samband med oppstarten til hausten. Konfirmantane har hatt tre undervisningsøker før jol. Sokneprest Tore har hatt to av øktene. Trusopplæraren, Sindre, har hatt ei. I tillegg har Sindre og konfirmantane delteke på KRIK på Konsmo. Konfirmantane deltek med einsskilde oppgåver i gudstenestene.

I Grindheim sokn har det vore 22 gudstenester med til saman 1 228 til stades i år:

2 gudstenester med dåp  
 13 gudstenester med nattverd, to av dei var på Byremo omsorgssenter  
 4 særleg tilrettelagde for born og unge  
 1 konfirmantgudsteneste  
 1 friluftsgudsteneste i hagen på Byremo omsorgssenter  
 2 skulegudstenester

### Kyrkjelege handlingar

2 dåp  
 6 konfirmantar  
 9 gravferder  
 1 utleige til gravferd  
 1 innmelding  
 4 utmeldingar

	Gjennomsnitt 2012-2019	2020	2021	2022	2023	2024
Dåpshandlingar	7	10	8	7	3	<b>2</b>
Konfirmantar	6	7	3	4	7	<b>6</b>
Vigsler	1	3	0	4	1	
Gravferder	7	7	4	3	5	<b>9</b>
Utleige til gravferder		2	0	0	1	<b>1</b>
Gudstenester totalt	24	18	15	20	22	<b>22</b>
Deltakarar totalt	1633	996	619	985	1 203	<b>1 228</b>
Gudstenester med nattverd	10	4	8	11	8	<b>13</b>
Skulegudstenester	2	0	1	2	2	<b>2</b>
Familiegudstenester	3	4	2	3	4	<b>4</b>
Gudstenester på Byremo omsorgssenter	4	4	6	4	3	<b>2</b>
Ungdomsgudstenester	2	2	2	2	2	<b>2</b>
Friluftsgudsteneste	1	1	1	0	1	<b>1</b>



Konfirmantar i Grindheim kyrkje laurdag 24. august 2024.  
 Foto: Mirakel Foto

Rekneskapen syner at det i offergåver i gudstenestene og innsamlingar kom inn kr. 73 973,23. Innkomne pengar fordeler seg slik:

Misjonsprosjektet i Kamerun (NMS)	<b>9 537,70</b>	
Arbeidet i kyrkjelyden	<b>11 703,63</b>	
Menighetsbladet	<b>9 606,25</b>	
Byremo og Sveindal søndagsskular	<b>5 076,75</b>	
Diverse lag og foreiningar:	<b>38 048,90</b>	
Kirkens Bymisjon		<b>2 177,50</b>
Julegåveaksjonen til Audnedal frivilligsentral		<b>2 029,75</b>
Kirkens Nødhjelp (samtalegudstenesta og 17. mai)		<b>10 107,75</b>
Kirkens Nødhjelps fasteaksjon (kontanter)		<b>12 100,00</b>
Kirkens SOS		<b>2 910,25</b>
Blå Kors -Barnas stasjon Lister		<b>8 723,65</b>
	<b>73 973,23</b>	<b>38 048,90</b>

Kr. 41 486,23 har kome inn ved bruk av Vipps (då er kr.632,77 i gebyr trekt ifrå).

Soknerådet held fram med misjonsavtalen som støttar NMS sitt arbeid i Kamerun. Det har vore fire gudstenester med offer til misjonsprosjektet.

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blei gjennomført som tradisjonell dør-til- døraksjon. Bøsseberarane var konfirmantar og frivillige. Frå Grindheim sokn kom det inn kr.12 100 i kontantar i bøssene. (Omlag kr.1 000 mindre enn i fjor).Vipps kan ikkje gje oppdateringar om kor mykje som kom inn på kyrkjelydnivå dette året.

Salet av boka om Grindheim kyrkje har gitt ei inntekt på kr.1 045,50.

Resultatet av rekneskapen for 2024 syner eit underskot på kr. 17 990,45.

Dette grunnjevast med den økonomiske stønaden til drift av Byremo Gospelkor, auka aktivitet for born og unge og tettare skule-kyrkjesamarbeid. Det var ikkje teke høgde for utgifter knytta til trusopplæring eller tilgang på digital salmebok i budsjettet for 2024.Underskotet vert dekkja av fondet arbeid i kyrkjelyden. Dette fondet vert då redusert frå kr.66 343,10 til kr.48 352,65. Disponibel eigenkapital blir då uendra på kr.170 317,19.

Frå Grindheim sokn kom det inn kr.1 950,50 i gåver til Menighetsbladet. I tillegg var det offer til bladet i tre gudstenester dette året. Då kom det inn kr.9 606,25.

Menighetsbladet hadde i rekneskapsåret inntekter på kr.55 532,53 og utgifter på kr.79 443,38. Det gir eit negativt driftsresultat på kr.23 910,85.